

# Forskrift om ordensreglement for kommunale grunnskular i Bergen

## I Innleiing

### § 1. Heimel

Forskrift om ordensreglement for kommunale grunnskular i Bergen er fastsett av leiar ved *Fagavdeling barnehage og skole* med heimel i opplæringslova § 2-9 og fullmaktene i byrådsavdelinga.

Dei lokale tilleggsreglane er fastsette av rektor ved kvar enkelt skule i tråd med dei same fullmaktene.

### § 2. Formål

Ordensreglementet skal gi elevane kjende og trygge rammer å halda seg til. Saman med førebyggjande arbeid skal ordensreglementet brukast for å skapa eit godt skulemiljø, som fremjar både helse, trivsel og læringsutbytte. Ordensreglementet skal bidra til å utvikla elevane sine sosiale ferdigheiter, og til å byggja positive relasjonar mellom elevane og mellom elevar og tilsette.

### § 3. Verkeområde

Ordensreglementet gjeld i skuletida og i skulefritidsordninga. Så langt reglane passar, gjeld dei også på skulevegen og under alle skulearrangement utanfor den vanlege skuletida.

### § 4. Ansvar

#### §4-1. Generelt ansvar for tilsette, elevar og foreldre

Både elevar, tilsette og foreldre har ansvar for å skapa eit godt skulemiljø. Viktigast er det at alle bryr seg om kvarandre, oppfører seg fint mot kvarandre, omtalar kvarandre med respekt, og tar avstand frå mobbing, diskriminering, vald og hærverk.

#### § 4-2. Spesielt ansvar for dei tilsette

##### § 4-2-1. Opplysningsplikt

Rektorane har saman med kontaktlærarane ansvar for at ordensreglementet blir gjort kjent for elevar og foreldre kvart år like etter at skuleåret er begynt. Ordensreglementet skal takast opp som tema i klassane innan utgangen av august kvart skuleår og på fyrste foreldremøte kvar haust.

##### § 4-2-2. Handlingsplikt

Dei tilsette har handlingsplikt i tråd med opplæringslova § 9a-3, 2. ledd:

*Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.*

### § 5. Elevane sine generelle rettar og plikter

Som elev har du rett til:

- eit skulemiljø som gir deg tryggleik og sosial tilhøyrse
- å bli høyrtd i saker som gjeld ditt eige forhold til skulen
- å få forklara deg før det blir tatt avgjersle om sanksjoner

Som elev har du plikt til:

- å følgja allment aksepterte normer for oppførsel og folkeskikk
- å følgja ordensreglementet
- å retta deg etter tilvisingar og pålegg frå rektor, lærarar eller andre som arbeider ved skulen

## **§ 6. Elevar og foreldre sine rettar til å be om tiltak**

Opplæringslova § 9a-3, 3. ledd gir elevar og foreldre rett til å be skulen setja i verk tiltak som vedkjem det psykososiale skulemiljøet:

*Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.*

Elevar og foreldre som vil be om tiltak, treng ikkje gjera det skriftleg. Det er likevel å tilrå fordi det gir betre høve til etterprøving. Alle tilsette må vera merksame på at oppmodingar om tiltak kan koma på ulike måtar, mellom anna som e-post til den enkelte tilsette si e-post-adresse ved skulen, gjennom e-post-systemet i *It's learning* eller munnleg under samtale med elev eller foreldre.

## **§ 7. Grunnlaget for vurdering i orden og åtferd - jf. § 3-5 i forskrift til opplæringslova**

Alle elevar har rett til vurdering. Grunnlaget for vurdering i orden og åtferd er gitt i forskrift til opplæringslova § 3-5:

*Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd er knytt til i kva grad eleven opptrer i tråd med ordensreglementet til skolen.*

*Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna om eleven er punktleg, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendig læremiddel og utstyr.*

*Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa. Det inneber mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre.*

## **II Ordensreglar:**

### **§ 8. Fellesreglar ved alle kommunale grunnskular i Bergen**

#### **§ 8-1 Reglar knytte til orden**

1. Møt presis til skuletimane og til andre avtalar.
2. Ha med deg alt utstyr som er nødvendig for opplæringa.
3. Gjer ferdig skulearbeidet til dei tidfristane som er fastsette.
4. Ta godt vare på skulebøker, anna undervisningsmateriell og alt som tilhøyrer skulen.
5. Fusk på prøvar eller anna innleveringsarbeid er ikkje tillate.
6. Dersom ikkje noko anna er bestemt ved skulen, skal du vera på skuleområdet heile skuledagen - også i pausane og friminutta. I særskilde tilfelle kan du bli pålagt å halda deg på bestemte delar av skuleområdet.

7. Hald det ryddig rundt deg, og bidra til at heile skuleområdet blir halde reint og ryddig.
8. Må du vera borte frå skulen, skal du så sant det er mogeleg, søkja rektor om permisjon i god tid på førehand. I alle andre tilfelle skal du så snart det er praktisk mogeleg, gi melding til kontaktlæraren din om årsaka til fråværet.
9. Personlege verdisaker er ikkje dekkja av kommunen si elevforsikring, og bør derfor ikkje takast med på skulen.

### § 8-2 Reglar knytte til åtferd

10. Vis folkeskikk, ver høfleg og opptre med respekt overfor alle andre ved skulen - for eksempel når det gjeld språkbruk, og i måten du snakkar til eller omtalar andre.
11. Elevar og tilsette skal helsa på kvarandre når fyrste skuletime tar til, og elles når det er naturleg.
12. Hald nødvendig arbeidsro i skuletimane.
13. All bruk av skulen sine datamaskiner - mellom anna bruken av Internett - skal vera i samsvar med Bergen kommune sine reglar om [nettrett](#) - sjå link eller vedlegg 1.
14. Den enkelte skule kan setja grenser for farefull leik eller leik som kan medføre ubehag, slik som snøballkasting.
15. Utstyr eller gjenstandar som kan forstyrre undervisninga eller vera til skade eller ubehag for andre, skal ikkje takast med på skulen.
16. Hærverk, vald, mobbing, rasistiske utsegn eller handlingar og all form for sjikane, krenking eller trakassering er forbode.
17. Å ha med seg og/ eller bruka tobakk, snus osv er forbode.
18. Å ha med seg og/ eller bruka alkohol eller andre rusmiddel er forbode.
19. Å ha med seg og/ eller bruka farlege gjenstandar - for eksempel kniv og slagvåpen - er forbode.

### §9-1 Lokale reglar knytte til orden

1. Vi skal vise respekt for andre sine ting.
2. Legg bokbind på alle fleirgongsbøker som du får låne frå skulen.
3. Alle må rette seg etter dei felles *klassereglane* for Lone skule. (Sjå vedlegg)
4. FAU og skulen har bestemt at du kan sykle til skulen frå og med 4.trinn dersom du får lov heime. Dei føresette har skrive under på at du då skal bruke hjelm og at sykkelen skal vere i orden. Dei same reglane gjeld også for løparhjul, rullebrett og rulleskøyter.
5. Eigne sykklar og løparhjul skal stå på tilvist plass. Ingen skal opphalde seg der.
6. Du må opphalde deg på leikeområda på framsida av skulebygningane i skuletida.
7. Når det er veldig stygt vêr, kan inspisierende lærar la elevane vere inne i friminuttet. Alle må rette seg etter *reglane vi har for innefriminutt*. (sjå vedlegg)
8. Opplysing om fråver skal gjevast til kontaktlærar første fråversdag. Dei føresette skal skrive melding om fråversperioden og årsaka til fråveret i meldingsboka.  
Denne skal leverast kontaktlæraren så snart som råd etter at du er tilbake på skulen. Dersom du ikkje har fått gjort alle leksene i fråversperioden, avgjer læraren kva for lekser du eventuelt treng å gjere i ettertid.
9. Skulen skal ha skriftleg melding frå heimen med gyldig grunn dersom du ikkje kan ta del i kroppsøving. Gløymt gymtøy gir ikkje rett til fritak.

## **§9-2 Lokale reglar knytte til åtferd**

1. Det er ikkje lov å banne.
2. Snop og tyggjegummi bruker vi ikkje på skulen, anna enn etter avtale med lærar.
3. Spyting er ikkje tillete.
4. Inne i skulebygningen går vi roleg og snakkar med innestemme. Vi bruker ikkje utesko i klasseromma.
5. All fotballspelning skal vere på fotballbanen eller i ballbingen.
6. Du kan ikkje sykle, bruke rulleskøyter eller brett på skuleplassen i skule/SFO-tid (kl. 7.30-16.30).
7. Det er ikkje lov å bruke mobiltelefon på skulen sitt område i tida 7.30 - 16.30.
8. Dersom du har behov for å ringje i skuletida, kan du ta kontakt med lærar eller kontoret.
9. Dersom du har med mobiltelefon, skal den liggje avslått i sekken heile skuledagen og på SFO.
10. Reglane for mobiltelefon gjeld òg andre samanliknbare kommunikasjonsmiddel og fotoutstyr.
11. Det er ikkje lov å slåst. - heller ikkje leikeslåsting.
12. Det er ikkje lov å kaste snøball. Du kan kaste på blink når den er sett opp.

*Dei lokale reglane er revidert og vedtekne i SU 05/12-13*

## **III Tiltak som kan brukast ved regelbrot:**

### **§ 10 Tilhøvet mellom refsingstiltak og klasseleiing**

Brot på ordensreglementet kan følgjast opp på ulike måtar alt etter kor alvorleg ordensbrotet er, om eleven har gjentakande ordensbrot, og kva slags føresetnader eleven har.

Ofte kan det vera nok med uformelt tilsnakk, ein eller fleire ekstra rettleiingssamtalar med eleven som ledd i den samanhengande undervegsvurderinga av orden og åtferda til eleven, eller hyppigare kontakt med eleven sine foreldre enn det som er minstekravet.

I andre tilfelle kan skulen finna det nødvendig med ei form for straffesanksjon eller refsingstiltak. Til dette kan berre dei som er nemnde i § 11, nyttast. Kollektiv straff, fysisk straff eller krenkjande straff kan ikkje i noko tilfelle nyttast. Sjå likevel § 12 om å gripa fysisk inn for å *stoppa* ei hending.

### **§ 11. Tiltak som kan eller skal brukast som straff for brot på ordensreglementet**

Ein sanksjon skal koma så nær regelbrotet som mogeleg, men likevel ikkje tidlegare enn at kvar sak er forsvarleg opplyst og handsama.

1. Skriftleg åtvaring.
2. Pålegg om å vera på skulen før eller etter skuletid for samtale med kontaktlærar, rektor eller den rektor gir mynde, eller for å utføra pålagde oppgåver.
3. Pålegg om å retta opp den skaden eleven sjølv har påført skulen sin eigedom og/ eller eigendelar - for eksempel rydda søppel, vaska golv eller fjerna tagging.
4. Restriksjonar i bruken av skulen sine datamaskiner, jf. kommunen sine reglar om [nettvett](#).

5. Avgrensa fridom i friminutta - for eksempel påbod om å vera i nærleiken av ein namngitt tilsett, eller om å halda seg på eit avgrensa område inne eller ute.
6. Pause eller friminutt på andre tidspunkt enn andre elevar.
7. Bortvising frå undervisninga for *enkelttimar* eller *resten av dagen* - jf. opplæringslova § 2–10.
8. Ungdomsskuleelevar kan visast bort frå skulen i inntil tre skuledagar etter alvorlege eller gjentekne brot på ordensreglementet - jf. opplæringslova § 2–10.
9. Bortvising frå eksamen - etter fyrst å ha fått åtvaring - dersom åtferda hindrar eller forstyrrar gjennomføringa av eksamen - jf. forskrift til opplæringslova § 3-36.
10. Mellombels eller permanent overføring til annan klasse eller basisgruppe.
11. I særlege tilfelle kan ein elev flyttast til ein annan skule når omsynet til dei andre elevane gjer det nødvendig, og andre tiltak allereie er prøvd - jf. opplæringslova § 8-1, 3. ledd.
12. Pålegg om å erstatta skade - jf. lov om skadeserstatning §§ 1-1 og 1-2.
13. Mellombels beslaglegging av mobiltelefonen for resten av skuledagen dersom skulen sine ordensreglar om bruk av mobiltelefon er brotne.
14. Mobiltelefon som utan samtykke er brukt til å fotografera og/ eller gjera lydopptak av andre elevar, *skal* beslagleggjast. Er det mistanke om at fotograferinga og/ eller lydopptaket er krenkjande, *skal* mobiltelefonen leverast til politiet. Eleven sine foreldre skal i slike tilfelle alltid varslast av skulen uavhengig av om også politiet tar kontakt med dei.
15. Rusmiddel og farlege gjenstandar *skal* beslagleggjast og leverast til politiet. Eleven sine foreldre skal i slike tilfeller alltid varslast av skulen uavhengig av om også politiet tar kontakt med dei.
16. Grove brot på straffelova - for eksempel grov vold, grove truslar, eldspåsetjing, bruk av eksplosiv, grovt hærverk eller grovt tjuveri - *skal normalt* meldast til politiet. Eleven sine foreldre skal i slike tilfeller alltid varslast av skulen uavhengig av om også politiet tar kontakt med dei

#### **§ 12. Bruk av fysisk makt for å stansa vald, slåstkamp, hærverk osv.**

Tilsette har plikt til å prøva å stansa vald, slåstkamp, hærverk osv. Så sant det er forsvarleg, skal den tilsette gripa inn umiddelbart, og om nødvendig med mild fysisk makt. Den fysiske makta må ikkje ha karakter av straff mot enkeltelev(ar).

#### **§ 13. Vurdering med karakter i orden og åtferd**

Ungdomsskuleelevar skal ha eigne karakterar både i orden og i åtferd. Å gi ein elev annan karakter enn den beste skal ikkje brukast som sanksjon eller straff, men karakteren skal fortelja eleven og eleven sine foreldre i kva grad eleven held seg til ordensreglementet og til allment aksepterte normer for oppførsel og folkeskikk. Vurderinga skal ta omsyn til eleven sine føresetnader.

### **IV Saksbehandlingsreglar ved sanksjonar**

#### **§ 14. Krav til skriftleg notat**

Dersom eit av tiltaka i § 11 blir sett i verk mot ein elev, må skulen laga eit skriftleg notat som dokumentasjon. Det må gå fram kva for elev tiltaket er retta mot, kva for tiltak som er sett i verk, kva for ordensregel som er broten, tidspunktet for ordensbrotet, tidspunktet for gjennomføring av tiltaket, korleis eleven har forklart seg, og kva eleven sine foreldre og/ eller andre har uttalt. Notatet skal underteiknast av den som har vedtatt tiltaket, og arkiverast. Eleven og/ eller eleven sine foreldre skal utan oppfordring givast kopi eller bli gjort kjende med retten til dokumentinnsyn.

### **§ 15. Eleven sin rett til å forklara seg**

Før det kan takast avgjerd om å bruka eit av tiltaka i § 11, skal eleven givast anledning til å forklara seg for kontaktlærer, rektor eller den rektor gir mynde - jf. opplæringslova § 2-9, 4. ledd:

*Før det blir teke avgjerd om refsing, blant anna om bortvising, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.*

For at saka skal vera så godt opplyst som mogeleg - jf. forvaltningslova § 17, 1. ledd - må det vurderast om opplysningar skal innhentast frå fleire enn eleven sjølv, for eksempel frå andre elevar og frå dei lærarane som kjenner eleven best - særleg eleven sin kontaktlærer.

### **§ 16. Sanksjonar som berre kan vedtakast av rektor**

a) Det er berre rektor som kan avgjera om eit ordensbrot skal meldast til politiet, eller om det skal krevjast økonomisk erstatning frå elev og/ eller foreldre.

b) Å visa ein ungdomsskuleelev bort frå skulen for ein heil dag eller meir er eit enkeltvedtak og skal handsamast etter reglane i forvaltningslova kapittel IV, V og VI og opplæringslova § 2-10, 2. ledd, der det heiter:

*Rektor sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak. Foreldra til elevar på årstrinna 1-7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.*

Rektorane får *ikkje* gi lærarar mynde til å visa ein elev bort frå læraren sine eigne undervisningstimar - jf. opplæringslova § 2-10, siste ledd.

Sjølv om opplæringslova ikkje gir pålegg om at ungdomsskuleelevar sine foreldre må varslast før bortvising blir vedtatt, har forvaltningslova § 16 krav om førehandsvarsel før det kan gjerast enkeltvedtak når ein part ikkje allereie har fått uttalt seg gjennom søknad eller på annan måte. For å oppnå tidsmessig nærleik mellom ordensbrotet og bortvisinga kan hovudregelen om at eit førehandsvarsel skal givast skriftleg, fråvikast. Av førehandsvarselet skal det gå fram kva for sanksjon skulen vurderer å setja i verk, og kva for ordensbrot sanksjonen er ein reaksjon på. Den fristen foreldra får til å uttala seg, kan vera kort.

Når bortvisingsvedtaket er gjort, må det gå fram av rektor si saksutgreiing korleis eleven har forklart seg, kva som er kome fram i rådføringa med eleven sine lærarar, kva for andre konkrete hjelpe- eller refsingstiltak som er vurderte, og kvifor desse ikkje er tilstrekkelege.

c) Bortvising frå eksamen er enkeltvedtak som skal handsamast etter forvaltningslova kapittel IV, V og VI, og forskrift til opplæringslova § 3-36, der det heiter i andre punktum:

*Bortvising skal avgjerast av rektor sjølv og er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen. Eleven eller privatisten skal ha høve til å uttale seg munnleg for rektor før rektor eventuelt fattar enkeltvedtaket om bortvising.*

d) Å flytta ein elev til ein annan klasse er eit enkeltvedtak, og skal handsamast etter reglane i forvaltningslova kapittel IV, V og VI.

### **§ 17. Sanksjonar som berre kan vedtakast av skuleeigar**

Å flytta ein elev til ein annan skule er eit enkeltvedtak som må handsamast etter forvaltningslova kapittel IV, V og VI, og opplæringslova § 8-1, 3. ledd der det heiter:

*Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven har rett til å gå på etter første leddet. Før det*

*blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skole utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skoleskyssen blir uforsvarleg lang.*

#### **§ 18. Nedsett karakter i orden og/ eller åtferd for ungdomsskuleelevar**

For at ein ungdomsskuleelev skal givast annan karakter enn den beste i orden og åtferd, må det vera gitt førehandsvarsel i så god tid at eleven har høve til å forbetra karakteren sin. Dette er omtalt i forskrift til opplæringslova § 3-7, 2. og 3. ledd:

*Eleven og foreldra skal også varslast skriftleg dersom det er fare for at eleven i halvårsvurdering med karakter eller i standpunktkarakter kan få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller i åtferd.*

*Varsalet skal givast utan ugrunna opphald. Varselet skal (...) gi eleven høve til å forbetre karakteren i orden eller åtferd.*

Også brot på ordensreglementet dei siste vekene og dagane i eit skulehalvår har betydning for karaktersetjinga. Det kan derfor førekoma tilfelle der eit brot på ordensreglementet skjer så seint i skulehalvåret og/ eller er så alvorleg at eit varsel ikkje gir eleven noko reelt høve til å forbetra karakteren.

## **V Vedlegg**

Vedlegg nr. 1: Avtale for elevar sin bruk av digitale nett i bergensskulen:

Bergen, dato

Odd Harald Hundvin (s)  
-fagdirektør-

## **Avtale for elevar sin bruk av digitale nett i bergensskulen:**

Eg heiter .....

Eg er elev på ..... skule på ..... trinn

- Eg har fått tildelt eigen brukaridentitet og eit personlig passord som gir meg tilgang til skulen sitt datanettverk og til It's learning.
- Eg skal ikkje la andre få vite mitt passord.
- Eg skal ikkje søke etter, skrive ut eller sette bokmerke på sider med pornografisk, rasistisk eller nazistisk innhald av noko slag. Dersom nettsider med slikt innhald dukkar opp på skjermen, skal eg lukke desse nettsidene med ein gong. Eg skal ikkje lage nettsider eller skrive innlegg på nettet med slikt innhald.
- Eg skal ikkje opptre anonymt på nettet.
- Eg skal ikkje mobbe, skjelle ut eller fornærme andre på nettet.
- Eg veit at bergensskulen følgjer [Datatilsynet sine reglar](#) om offentleggjering av bilete på nett. Situasjonsbilde frå for eksempel skulen sin skidag eller skulen sitt 17.mai-tog, kan leggst på nett dersom det ikkje er krenkande for nokon av dei som er med på bildet. Portrettbilde, som er bilde av ein eller fleire bestemte personar, krev samtykke frå dei som er med på bildet, før bildet blir lagt ut på nett. Er du som er med på bildet under 15 år, skal du ha løyve frå heimen.
- Eg skal ikkje bestille varer av noko slag via skulen sine datamaskiner
- Eg skal ikkje laste ned programvare frå nettet på skulen sine datamaskiner med mindre det er ein del av undervisninga.
- Eg skal heller ikkje slette programvare på skulen sine datamaskiner.
- Eg veit at all aktivitet i skulens sitt datanettverk blir loggført og at data kan sporast tilbake til den enkelte som har produsert dataa.
- Eg er kjent med at klassa si og mi eiga lagring av data på skulens sine datamaskiner kan lesast og eventuelt fjernast av rektor eller av den som rektor gir fullmakt.
- Eg aksepterer at dersom eg ikkje held desse reglane, kan eg bli fråteken tilgangen til skulen sine datamaskiner i ein periode.
- Eg godtek at skulen si leiing kan varsle mine føresette dersom eg ikkje held meg til skulen sine reglar for bruk av skulen sine datamaskiner.

Mi eiga underskrift:

Underskrift frå heimen som stadfester at denne avtala er lesen:

Dagens dato er: